

ÅRSMELDING 2013



F ❁ **LK**
ORG

Organisasjon for
folkemusikk og
folkedans




Formgjeving: Anbjørg Myhra Bergwitz / FolkOrg
Foto fram- og bakside: Eivind Kaasin & Runhild Heggem
Fotografer: Eivind Kaasin, Runhild Heggem, Ingvil S. Ljones, Mari S. Ljones, Knut Utler,
Anbjørg Myhra Bergwitz, Thomas Westling, Linda Gytri

Postadresse:
FolkOrg
Postboks 4613 Sofienberg
0506 Oslo

Besøksadresse:
Vis-à-vis Herslebs gate 2c

Nett: www.folkemusikk.no
E-post: post@folkemusikk.no
Tlf.: 22 00 56 22



Innhold

4 Om FolkOrg

6 Kulturpolitisk arbeid

8 Lagsutvikling

10 Arenautvikling

14 Kompetansebygging

og opplæring

16 Arrangørutvikling

18 Utøvarutvikling

20 Informasjon

INNLEIING

Aktivitetane til FolkOrg har i meldingsåret vore knytte til handlingsplanen, og denne årsmeldinga er skriven med direkte utgangspunkt i den vedtekte handlingsplanen. Handlingsplanen er sett inn i årsmeldinga, og til kvart delområde er det gjort greie for korleis tiltaka er gjennomførte. Innleiingsvis har årsmeldinga ein organisatorisk og ein administrativ del som ikkje er knytte til eit særskilt delområde i handlingsplanen.



OM FOLKORG

STYRET OG ARBEIDSUTVAL

Styret fram til årsmøtet 2013:

Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
Mari Skeie Ljones (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Ellen Persvold (styremedlem)
Tor Stallvik (styremedlem)
Erlend Viken (styremedlem)
Aslak Opsahl Brimi (styremedlem)
Åshild Vetthus (1. varamedlem)
Tove Leinslie (2. varamedlem)
Kenneth de Gala (3. varamedlem)

Styret etter årsmøtet 2013:

Per Øyvind Tveiten (styreleiar)
Mari Skeie Ljones (nestleiar)
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)
Ellen Persvold (styremedlem)
Jan Heier (styremedlem)
Hilde Reitan (styremedlem)
Olav Luksengård Mjelva (styremedlem)
Tove Leinslie (1. varamedlem)
Gro Marie Svidal (2. varamedlem)
Gudrun Folkedal (3. varamedlem)

Styret har i meldingsperioden hatt seks møte, og det er handsama 72 saker. Eitt av møta var under årsmøtehelga. I tillegg til dei faste medlemmene har fyrste varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Landskappleiken, Landsfestivalen, årsmøte i områdelag og på høyringar og andre relevante møte. Enkelte styremedlemmer har også vore representerte i arbeidsgrupper. Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i ti av elleve områdelag.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Per Øyvind Tveiten, Mari Skeie Ljones og Helene Myklemyr Bolstad, både før og etter årsmøtet i 2013. Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt seks møte, og 49 saker har vore handsama. Dagleg leiar nyttar òg AU til å drøfte ulike spørsmål mellom møta.

MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG

Medlemstal

FolkOrg hadde 4362 medlemmer pr. 31.12.2013
Av desse var 553 born/ungdom (t.o.m. 18 år)

Medlemslag

Pr. 31.12.2013 hadde FolkOrg:
143 lokale medlemslag
11 områdelag

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Noreg
- Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i «Norske Festivalar»

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Haukeliseterfestivalen
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og eigar)

- Musikkutstysordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

Heidersmedlemskap

Jon Jelmert vart unemnd til heidersmedlem i FolkOrg posthumt under Landskappleiken på Røros.

ÅRSMØTET 2013

Årsmøtet 2013 vart halde på Rica Hotel Hamar 26.–28. april. 62 røysteføre var til stades i tillegg til gjester og administrasjon. På fredag vart det arrangert to møte – med områdelaga og med folkemusikkarrangørar. Årsmøtet vart laurdag innleia med to seminar med følgjande tema:

- Rekruttering og medlemspleie i lokallaga
- Folkemusikk og folkedans i kulturskule

ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapa for 2013 ligg ved årsmeldinga.

ADMINISTRASJON

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J. Kontorlokala ligg i Schous Kulturbryggeri, og organisasjonen har kontorfellesskap med fleire andre sentrale musikkorganisasjonar.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Knut Aastad Bråten	Redaktør i bladet Folkemusikk (fram til 30. november – deretter permisjon)
Bjørn Sletten	Redaktør i bladet Folkemusikk (vikar frå november)
Eivind Kaasin	Informasjonsrådgjevar (frå 1. mars)
Arvid Skancke-Knutsen	Informasjonsrådgjevar (fram til 5. mars)
Anbjørg Myhra Bergwitz	Informasjons- og organisasjonsrådgjevar
Trond Stenseth Moe	Rådgjevar, utøvarutvikling o.a.
Sigurd Reinton	Prosjektleiar Folkelarm (vikar)
Andreas Ljones	Rådgjevar, utøvarutvikling (vikar fram til 28. februar)

Rannveig Djønne	Rådgjevar, Landskappleiken, Landsfestival og lokalkappleikar
Marit Vestrum	Rådgjevar, lokallag og arrangør

I administrasjonen er det til saman 7,5 årsverk.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i handlingsplanen, sjølv sagt ei rekkje andre oppgåver som tek mykje tid, men som ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, saks handsaming og møtreførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.

KULTURPOLITISK ARBEID

FolkOrg skal ivareta og styrke medlemmene og aktørane sine interesser og rettar på feltet, og styrke folkemusikken og folkedansen sin plass i samfunnet.

Langsiktige mål (fire år)

- Samstemt! sine fireårs mål er oppnådde:
 - Arrangørstøtta hjå Norsk kulturråd er på 30 mill.
 - Musikarstøtta hjå Norsk kulturråd er på 20 mill.
 - KOMP, tilskotsordninga for opplæringsmidlar, er auka til 6 mill.
- Folkemusikk og -dans er synleg og anerkjend på kulturfeltet og i samfunnet elles.
- Folkedansen har dei same vilkåra og statusen som folkemusikken.
- Støtta til opplæringstiltak innanfor folkemusikk og -dans er auka.
- Støtta til sceniske framsyningar med folkemusikk og -dans som basis er auka.
- Folkemusikkfeltet får kompensasjon for bruk av ikkje-verna, tradisjonell folkemusikk.
- FolkOrg har etablert eit breitt nettverk av internasjonale samarbeidspartnarar, og er aktiv i det internasjonale arbeidet for folkemusikk og -dans.
- Kulturskulane og Den kulturelle skulesekken i heile landet har tilbod innanfor folkemusikk og folkedans.

Tiltak (årleg revidering):

- Sette agenda og delta i det offentlege ordskiftet, og sette søkjelys på aktuelle saker innanfor sjangeren
- Bygge nettverk med sentrale politikarar og kulturbyråkratar
- Vere ein aktiv høyringsinstans for aktuelle saker innanfor folkemusikk og -dans; i 2013 har oppfølginga etter Kulturutgreiinga særleg prioritet
- Stø opp om arbeidet innanfor forskning, arkiv og utdanning
- Samarbeide aktivt med andre aktørar og organisasjonar innanfor sjangeren, og på musikk-, danse- og kulturfeltet generelt
- Utarbeide søknad om eit forprosjekt for å auke rekrutteringa til folkedansen, gjennom mellom anna styrking av danseinstruktørar
- Søke om å få kappleikar og folkemusikk-instrumentbyggerfaget inn på Unesco sine verne-lister for immateriell kulturarv
- Arbeide med opphavsrett for folkemusikken
- Arbeide for at Norsk kulturråd gjennom arrangørstøtteordninga gjev tilskot til konsertar der det blir spelt til dans
- Sikre folkemusikken sin plass i realiseringa og styrkinga av dei regionale kompetansesentera

Offentleg ordskifte

NOU-rapporten frå Kulturutgreiinga 2014 vart lagd fram. Vi deltok i debatten kring rapporten gjennom møte, kommentar på folkemusikk.no, intervju på ballade.no, sosiale medium og høyringssvar.

Riksscenen vart debattert på leiarplass i bladet Folkemusikk og på Kulturnytt i NRK P2. Vi hadde eit debattinnlegg på folkemusikk.no om temaet, i tillegg til styreleiars svar i bladet.

Dagleg leiar hadde ein kronikk på folkemusikk.no der ho kommenterte kulturpolitikken til den avgåtte regjeringa og det framlagde statsbudsjettet.

Vi har nytta sosiale medium, særleg Twitter, for merknader til aktuelle saker.

Nettverksbygging, strategisk og politisk arbeid

Vi har arbeidd aktivt for å opprette kontakt med både den raudgrøne og den blå regjeringa. Etter valet har vi vore ekstra aktive overfor familie- og kulturkomiteen på Stortinget, og har sendt vårt innspel til ein framtidig kulturpolitikk til alle partia på Stortinget. Vi gav òg innspel til statsbudsjettet 2014 til familie- og kulturkomiteen på Stortinget. Vidare har vi vore i møte med stortingsrepresentant i familie- og kulturkomiteen Ib Thomsen (FrP), der vi drøfta situasjonen for folkemusikk og folkedans i Noreg i dag, og la fram ønske om ein framtidig politikk. Elles har vi kontakt med politisk nivå gjennom sosiale medium.

Finansiering av regionale folkemusikksenter og framleis finansiering av regionale kompetansenettverk for rytmisk musikk har vore sentralt i 2013. Vi har representert og snakka for folkemusikksentera i møte i Norsk kulturråd. I samarbeid med sentera i nettverka og Norsk jazzforum har vi arbeidd for å oppretthalde nettverka og sikre finansiering av alle sentera. Vi har lobba aktivt for finansiering av folkemusikksentera gjennom brev, formelle og uformelle møte, høyringar og anna. Resultatet vart at Folkemusikk Nord og Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans fekk kr 500 000 kvar i statleg driftstilskot. I tillegg fekk Førdefestivalen 1,1 million i auka løyvingar, men det er uklart om det skal nyttast til folkemusikksenter. Kompetansenettverka får framleis tilskot i 2014.

FolkOrg har saman med eit samla folkemusikkmiljø arbeidd for å få til ei utdanning i hardingfelemakarfaget. Ole Bull Akademiet fekk kr 1,1 million i auka løyvingar til å byrje arbeidet med ei bachelorutdanning i faget.

Vi har hatt fleire møte og god kontakt med administrasjonen i Norsk kulturråd, og har drøfta stønad til Folkelarm, dansefestar, Landskappleik/Landsfestival o.a.

7. januar 2013 arrangerte vi seminar om Folkelarm på Riksscenen, der vi involverte Henning Warloe – stortingsrepresentant for Høgre, Trine Skei Grande – leiar og stortingsrepresentant for Venstre, Arnfinn Bjerkestrand – Norsk kulturråd, Lene Furuli, Synnøve Bjørset og Jan Lothe Eriksen. Det var representantar for Utanriksdepartementet, Riksscenen, arrangørar og musikarar til stades.

Vi deltek på møte, konferansar og seminar for å auke kompetansen vår, bygge nettverk og påverke.

Vidare har vi arbeidd for å endre retningslinene for Frifond organisasjon forvalta av Norsk musikkråd, gjennom å sitte i arbeidsgrupper, delta på Musikktinget og brev. Saka er no handsama i styret i Norsk musikkråd, og vi fekk gjennomslag for endringa.

Vi har hatt to møte i Nordisk folkemusikkkomité – under Folk & Vårdsmusikgalaen i Gävle og under Folkelarm. Vi arbeider for enklare vedtekter og at samarbeidet skal gå mest på konkrete prosjekt.

Vi har arbeidd for å få betre forståing for arbeidet med immateriell kulturarv i samband med Unesco-konvensjonen. Mellom anna har vi hatt møte med dei ansvarlege i Norsk kulturråd saman med Norsk husflid, og dialog med Rff-senteret om det. Arbeidet i Norsk kulturråd har gått sakte når det gjeld denne saka, og vi opplever at det framleis er mykje uklart. Vi har difor ikkje prioritert å sende inn søknad om å kome på Unescos lister.

I samarbeid med Nordisk folkemusikkkomité har vi byrja å planlegge ein konferanse på Island i august 2014 med immateriell kulturarv som tema.

Nestleiar Helene M. Bolstad deltok på styreleiarkonferansen til Norsk musikkråd.

Høyringar

Vi har sendt inn høyring på Kulturutgreiinga 2014, og innspel til det neste kulturløftet. Etter valet sende vi om lag det same dokumentet til ny politisk leiing.

Vi bidrog til høyringsinnspellet Norsk musikkråd sende til Norsk kulturforum om lokalt kulturliv og kulturutvikling.

Vi har sendt innspel til felles handlingsplan for Norsk musikkråd og Musikkens studieforbund.

LAGSUTVIKLING

FolkOrg skal stimulere til aktivitet i laga og arbeide for at lag og tradisjonsoverføring har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (fire år)

- Alle lokal- og områdelag er kjende med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet til aktuelle tilskotsordningar er auka, og løyvingar til folkemusikkfeltet frå tilskotsordningane er auka med 25 %.
- Lokal- og områdelaga i organisasjonen har egne heimesider.
- Det gode arbeidet til laga i organisasjonen er gjort synleg.
- Talet på kulturskular og lokallag som samarbeider om opplæring i folkemusikk og -dans er auka.
- Kommunikasjonsflyten mellom FolkOrg, områdelag og lokallag er god.
- Lokallaga har gode møteplassar for tradisjons-overføring.

Tiltak (årleg revidering)

- Ha jamn og god kontakt med laga gjennom mellom anna nyhendeskiv, folkemusikk.no, bladet Folkemusikk og rådgjeving per telefon og e-post
- Dele ut prisen «Årets lokallag»
- Sette i gang tiltak for område- og lokallaga på bakgrunn av signal og innspel dei kjem med
- Bidra til samarbeid mellom lokallag og kulturskule
- Halde fram med å presentere lokallag på folkemusikk.no
- Gje tilbod om hjelp til laga for å opprette heimesider
- Utarbeide ei samling av døme på gode samarbeidsmodellar mellom lokallag og kulturskulane



Kommunikasjon med og rådgjeving for lokallaga

I løpet av meldingsåret har administrasjonen sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallaga i form av nyhendebrev, e-post og Facebook. Lokallaga har også fått rådgjeving fra administrasjonen i samband med m.a. søknadsskriving og samarbeid med kulturskule.

Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut for andre gong i 2013 under årsmøtet i FolkOrg på Hamar 26.–28. april. Det viktigaste kriteriet for prisen var i år «revitaliseringsarbeid av lokale folkemusikk- og folkedans- og tradisjonar», dei nominerte laga var Naustedalen spelemannslag, Hardanger spelemannslag og Eiker spelemannslag. Vinnaren av prisen og kr 10 000 var Eiker spelemannslag.

Kartlegging av lokallaga sin situasjon

Leiinga i FolkOrg har i meldingsåret reist på ulike arrangement og årsmøte i områdelag, og ein har nytta høvet til å prate med representantar frå lokallag og områdelag i dei ulike distrikta. Dette har gjeve god innsikt i og kunnskap om kvardagen til lokal- og områdelag, og innsamla informasjonen er grunnlaget for arbeidet med neste års arbeidsplan.

Samarbeid mellom lokallag og kulturskular

I løpet av meldingsåret har FolkOrg følgd fleire lokallag som har teke tak i nedlegging av folkemusikk- og folkedansundervisning i kulturskulen. Gjennom jamn kontakt, samtaler og deltaking på møte har ein samla inn kunnskap om korleis laga har jobba opp mot kulturskulen og kommunen. I eitt tilfelle førte iherdig arbeid

frå lokallaget og godt samarbeid med FolkOrg til at kulturskulen til slutt utvida folkemusikk- og folkedansundervisninga. FolkOrg utarbeider også ei samling av døme på gode samarbeidsmodellar mellom lokallag og kulturskulane. Desse skal gjerast tilgjengelege gjennom folkorg.no.

Serien «Lokallaga våre» på folkemusikk.no

Vi har ikkje klart å prioritere arbeidet med å presentere lokallaga på folkemusikk.no i 2013. Planen er å gjennomføre denne ideen på ein betre måte på den nye nettstaden www.folkorg.no, når den er klar til sommaren (2014).

Heimesider

I løpet av året har det vorte arbeidd med å opprette nettsider for lokallag. I meldingsåret har det vorte oppretta heimesider for Buskerud Folkemusikklag og Vågå spel- og dansarlag.

Administrasjonen har også gjeve råd til andre lokallag som ønskjer heimesider, og følgd opp dei som allereie har fått heimesider. FolkOrg har no tilbod om oppretting av heimesider gjennom CustomPublish og StyreWeb.

Retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep.

Retningslinjer mot seksuell trakassering og overgrep for FolkOrg si verksemd vart godkjende under FolkOrg sitt årsmøtet 2013. Retningslinjene gjeld både for opplæringsverksemd i lag, kurs, arrangement og festivalar. Retningslinjene er gjorde tilgjengelege gjennom nyhendebrev og folkemusikk.no.



ARENAUTVIKLING

FolkOrg skal legge til rette for, utvikle og drive gode framføringsarenaer for folkemusikk og folkedans lokalt, regionalt og nasjonalt.

Langsiktige mål (fire år)

- Landskappleiken og Landsfestivalen som tevling og arenaer er evaluerte, slik at arrangementa og tevlingsforma er tilpassa utviklinga innanfor sjangeren og samtida.
- Organisasjonen har kompetente arrangørar, og drifta av arrangementa er godt innarbeidd.
- Arrangementa er tilrettelagde for publikum og deltakarar og i alle aldersgrupper.
- Arrangementa er attraktive og trekker til seg nytt publikum også utanfor sjangeren.
- Landskappleiken sin posisjon som folkemusikken og folkedansens hovudarena er styrkt.
- Talet på selde billetter på Landskappleiken er auka med 20 %.
- Posisjonen til Landsfestivalen i gammaldans-musikk som hovudarena for runddansmusikk i Noreg er styrkt.
- Talet på selde billetter på Landsfestivalen er auka med 30 %.
- Talet på lokal- og fylkeskappleikar og andre lokale framføringsarenaer er auka.
- Talet på arenaer og møteplassar for samværsdans i heile landet er auka.
- Bransjetreffet Folkelarm er den leiande faglege møteplassen for bransjen innanfor folkemusikk og -dans i Norden, og samlar eit breitt utval delegatar frå heile musikkbransjen.
- Folkelarm er den viktigaste eksportarenaen for norsk folkemusikk, og ein døroppnar for oppdrag i utlandet.
- Folkelarm er grundig evaluert når det gjeld eigarskap, og arrangementet er tilpassa utviklinga innanfor musikkbransjen, og behov og ønske frå utøvarar og arrangørar.
- Folkelarmprisen er ei etablert og kjend pris-utdeling på kulturfeltet.

Tiltak (årleg revidering)

- Følgje opp Landskappleiken, Landsfestivalen og lokale kappleikar
- Revidere dommarskjema innanfor dans
- Revidere tevlingsreglementet
- Følgje opp arbeidet med evaluering av framtida til Landsfestivalen og Landskappleiken fram mot årsmøtet 2013
- Utarbeide arrangørrettleiing for Landskappleiken og Landsfestivalen
- Utarbeide gode malar og rutinar for rapportering for Landskappleiken og Landsfestivalen
- Fortsetje satsinga og samarbeidet med UD om å få utanlandske journalistar til Landskappleiken
- Auke innsatsen overfor norsk presse i samband med Landskappleiken og Landsfestivalen og hjelpe lokal arrangør
- Vidareutvikle og betre kappleiksprogrammet til FolkOrg, slik at det vert brukarvenleg for arrangørar og utøvarar
- Gjennomføre Folkelarm og dele ut Folkelarmprisane
- Byrje arbeidet for å etablere Folkelarm som ei eiga eining innan 2017



Landskappleiken

Landskappleiken vart i år arrangert på Røros med Røros Folkedanslag, Glåmos Spellmannslag, Brekken Spell- og Danselag og Ålen Spell- og danselag som lokale arrangørar. Arrangementet gjekk av stabelen 26.–30. juni.

Deltaking

Det var til saman 438 startnummer og vel 1400 einskild-deltakarar på Røros. Det var like mange einskiddeltakarar som på Otta året før, men ein liten nedgang i talet på startnummer. I 2011 var det 465 startnummer.

Påmeldinga dei siste åra har halde seg jamn og bra.

Vinnarar

Kongepokalen vart i 2013 sett opp i klassa for Spel fele klasse A. Vinnaren vart Andreas Bjørkås frå Oppdal spell- og dansarlag.

- *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

Fureprisen

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremje av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har i fire år delt ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg og Landskappleiken fekk i oppdrag å forvalte og å dele ut desse prisane. I utgangspunktet er siste året i 2014, men vi vil søkje stiftinga om å få halde fram.

Hovudprisen frå Furestiftelsen var 50 000 kroner som skulle gå til den beste utøvaren i spel/vokal-klassane under 25 år. Kandidatane til prisen vart plukka ut under kappleikstevlingane, og vinnaren vart kåra under ein finale som var lagd til finalekvelden på laurdagen.

Samstundes kunne vinnarane av C-klassane i spel og vokal vinne kr 10 000. FolkOrg sette opp same pris for vinnarar i C-klassane i dans.

Kriteria for hovudprisen var:

Denne prisen skal gjevast til ein eksepsjonelt dyktig og talentfull deltakar (musikar) under 25 år. Det er krav om eit visst kvalitetsnivå for at prisane kan delast ut. Det kan vere slik at domsnemnda ikkje kvart år finn å kunne dele ut prisen. Prisvinnaren skal vere vanleg deltakar på Landskappleiken.

Den 23 år gamle hardingfelespelaren Erlend Apneseth frå Jølster vann Fureprisen for 2013.

- *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

Utanlandske journalistar på Landskappleiken

Med økonomisk stønad frå Utanriksdepartementet inviterte FolkOrg internasjonale journalistar til Landskappleiken på Røros. Løyvinga frå UD kom seint slik at ein ikkje fekk tak i så mange journalistar som ein ønskte, men det vart likevel nokre få avis- og nettartiklar. Styret i FolkOrg har vedteke å leggje denne satsinga på is, og heller nytte ressursane i administrasjonen på å kontakte norsk medium før og under Landskappleiken i endå større grad, – ei satsing som har vore vellukka.

Kort evaluering av Landskappleiken

500 friviljuge la ned heile 9000 dugnadstimar, syner den gode rapporten frå arrangørane på Røros. Det er kring fem årsverk! Men alt dugnadsarbeidet gav eit strålende resultat: arrangørane gjennomførte ein flott Landskappleik. Spesielt den vanskelege logistikken kring tevlingane var svært godt planlagd, og tevlingane vart avvikla utan forseinkingar. FolkOrg gjennomførte ei lita evaluering etter Landskappleiken, og tilbakemeldingane frå både utøvarar og publikum var særst gode. Det økonomiske resultatet vart også bra, med eit overskot på 372 000 kroner.

FolkOrg gjennomførte ei større og meir målretta satsing mot norske medium enn tidlegare år. Dette bar frukter med kring 135 presseoppslag og mellom anna innslag på Dagsrevyen og i TV2. Attåt hadde FolkOrg utarbeidd ein app for smarttelefonar i samarbeid med firmaet Rocketfarm. Denne inneheldt startlister, program og mykje nyttig informasjon. Med 964 nedlastingar og gode tilbakemeldingar må denne nyvinninga seiast å vere ein suksess.



Landsfestivalen i gammaldansmusikk

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert på Løten 17.–21. juli med Hedmark Folkemusikklag og deira 14 lokallag som arrangørar. Det var fyrste gong at Landsfestivalen vart arrangert i Hedmark.

Deltaking

Det var kring 123 startnummer og 440 einskild-deltakarar på Landsfestivalen i gammaldans i 2013. Etter nokre år med auke i deltakartal, fram mot Vågå i 2012 med 163 startnummer og 710 einskiddeltakarar, vart det ein nedgang att i 2013. Det var faktisk ein oppgang i dei fleste solistklassane, men nedgangen både i gruppe- og lagspel var stor.

- *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga*

Kort evaluering av Landsfestivalen

Sjølv om deltakinga vart mindre enn vi hadde håpa på, så var det eit yrande folkeliv i strålende ver under festivalen. Både dansegolva, buskspelområda, campingvognområda og konsertane var fulle, og Hedmark Folkemusikklag gjennomførte ein Landsfestival som det kjem til å verte prata om lenge.

Også arbeidet som Hedmark Folkemusikklag hadde lagt ned på førehand for å engasjere lokalbefolkninga i Hedmark og for å auke interessa for gammaldansen i fylket, bør stå fram som eit godt førebilete.

Ei evaluering etter festivalen synte at deltakarar og publikum var særst nøgde med gjennomføringa av arrangementet. Det var kring 110 presseoppslag kring Landsfestivalen, noko som er veldig bra. Appen til Landsfestivalen vart lasta ned 342 gonger.

Det økonomiske resultatet frå Landsfestivalen på Løten er ikkje klart enno.

Revidering av tevlingsreglementet

Tevlingsreglementet vart revidert i 2013 med mellom anna ei spissing av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk for å få fram skilnadene på dei to festivalane i større grad. Det vart også gjort ein del

mindre endringar når det galdt premiering, dommartal o.a. Tilbakemeldingane på endringane i denne revideringa har vore gode.

Generelt om Landskappleiken og Landsfestivalen

Nettbasert kappleiksprogram/påmeldingssystem

Det nettbaserte kappleiksprogrammet fungerer bra og vert nytta av fleire og fleire. Utanom Landskappleiken og Landsfestivalen vart programmet til dømes i 2011 nytta av sju, i 2012 av åtte og i 2013 av heile 15 lokal-kappleikar. Etter å ha fått tilgang og ei lita opplæring er kappleikane stort sett sjølvgåande brukarar av programmet. Ei lita rettleiing til bruken av påmeldingssystemet er utarbeidd.

Arrangørhandbok

Kapitla for tevling og for informasjon/pressearbeid for både Landskappleiken og Landsfestivalen er reviderte og i bruk.



Folkelarm – Riksscenen og Kulturkirken Jacob, Oslo | 25.–28. september

Arrangementet

Folkelarm er bygd rundt showcasekonsertar med nordiske folkemusikarar, og samlar eit breitt lag av norsk bransje, spesielt inviterte internasjonale musikkbransjeaktørar, og dessutan eit stort publikum. Folkelarm har også seminar og eigne arrangement som er tilrettelagde for bransjeaktørar og utøvarar. Folkelarm omfattar no:

- 24 ordinære showcase-konsertar (ni norske og tre svenske artistar)
- tre danseframsyningar (eitt norsk dansekompani)
- 20 seminar, fem på engelsk
- opningskonsert i Kulturkirken Jacob med fem av showcaseartistane
- innspelsmøte for arrangørar ved Kulturrådet
- presentasjon av 13 artistar (ikkje showcaseartistar) for Norsk Kulturhusnettverk
- utdeling av Folkelarmprisen 2013
- dansespel fredag og laurdag kveld
- 170 delegatar, 145 norske og 25 internasjonale delegatar
- *Liste over Folkelarm-artistar og seminarprogram er lagd ved denne årsmeldinga*

Folkelarmprisen

For niande gong vart Folkelarm-prisen (Norwegian Folk Music Award) delt ut. Prisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse i tillegg til prisen for årets folkemusikar.

- *Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga*

Om Folkelarm 2013

Den tekniske gjennomføringa av showcaseprogram, seminar, prisutdeling, delegatprogram og arrangementet generelt var vellukka. Tilbakemeldingane på kvaliteten på showcaseartistane og seminara har også i stor grad vore positive.

Det vart jobba målretta med å utvikle eit seminarprogram som skulle tiltrekke seg bransjefolk frå andre sjangrar. Dette lukkast vi til dels med, mellom anna gjennom samarbeid med Norsk Kulturhusnettverk og Kulturrådet.

Talet på besøkande på Folkelarm 2013 var under forventningane. Det vart blant anna peika på samansetninga av det kunstnariske programmet, og ei marknadsføring som ikkje gjekk breitt nok ut, som nokre av dei viktigaste årsakene.

Folkelarm fekk god pressedekning i aviser, radio og TV både lokalt og nasjonalt. Pressedekninga rundt Folkelarm-prisen var spesielt stor.

Showcaseartistane fekk eit honorar på kr 1000 pr. musikar pr. konsert.

KOMPETANSEBYGGING OG OPPLÆRING

FolkOrg skal fremje rekruttering og opplæring innanfor folkemusikk og -dans, og styrke det faglege arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane.

Langsiktige mål (fire år)

- Medlemmer og andre interesserte er informerte om og har kjennskap til utdannings- og kurs-tilboda på feltet.
- Deltakinga har auka på nasjonale og internasjonale kurs og arrangement.
- Feltet har eit breitt utval av kompetente kappleiksdommarar innanfor både folkemusikk og -dans.
- Musikk lærarar er kjende med folkemusikk og -dans, og har tilgang til tilpassa undervisningsopplegg.

Tiltak (årleg revidering)

- Informere om sommarkurs, og dessutan andre aktuelle kurs, seminar og utdanningstilbod
- Arrangere dommarkurs
- Revidere studieplanar etter ny rammeplan for vaksenopplæringsmidlane
- Samarbeide med Rff om å utarbeide ei pakke av filmar med døme på ulike dansetradisjonar, til bruk for dommarar
- Starte arbeidet med å utvikle pedagogiske rammeplanar for folkemusikk og folkedans i grunnskulen
- Fordele Frifond-midlar

Marknadsføring av og informasjon om kurs o.l.

Gjennom nettstaden folkemusikk.no og nyhendebrev til lokallaga i organisasjonen har FolkOrg i meldingsåret informert om sommarkurs, andre aktuelle kurs, seminar og utdanningstilbod.

Frifond

FolkOrg fekk i 2013 inn 30 søknader på til saman kr 595 700, og hadde kr 474 000 til fordeling. 29 av søknadene fekk godkjent drift og/eller prosjekt. Norsk musikkråd gav i 2013 FolkOrg løyve til å handsame regelen om at 1/3 av betalande medlemmer må vere under 26 år, med skjønn.

Dagleg leiar har også i 2013 vore med i ei arbeidsgruppe i Norsk musikkråd som har laga eit nytt framlegg til reviderte retningsliner for handsaming av Frifond organisasjon, som er forvalta av Norsk musikkråd. Gruppa har jobba for å endre retningslinene slik at kravet om ein medlemsdel på 1/3 under 26 år blir meir rettferdig, og ikkje hindrar stønad til lag med gode aktivitetar for born og unge.

- *Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.*

Rammeplan og studieplanar – Vaksenopplæringsmidlar (VO).

FolkOrgs nye rammeplan for vaksenopplæring er i 2013 gjort tilgjengeleg gjennom folkemusikk.no og nyhendebrev. Vi har hatt møte med Musikkens Studieforbund og gått gjennom dei studieplanane som er aktuelle for FolkOrgs medlemmer. Gjennomgangen viste at det ikkje er naudsynt med store endringar av dagens studieplanar.

Dommarkurs

Det vart ikkje gjennomført dommarkurs i 2013 etter to kurs i 2012, men nye kurs er planlagde i 2014.

Norsk folkemusikkfond

FolkOrg administrerer Norsk folkemusikkfond, som er organisert med eit eige styre. Fondet deler ut midlar som er finansierte ved hjelp av kr 15 per medlem i FolkOrg og kr 10 000 frå NRK. Norsk folkemusikkfond fekk i 2013 inn 18 søknader på til saman kr 478 652. Fondet hadde i 2013 diverre berre kr 68 000 til fordeling.

Styret i Norsk folkemusikkfond hadde på førehand sagt at dei i 2013 ville prioritere søknader som la vekt på:

- tiltak for å ta vare på folkemusikk- og bygdedansstoff som står svakt eller i fare for å kome bort, stoff av særskild kvalitet og verdi og der ein gjer bruk av levande kjelder
- opplæring av born og unge i tradisjonsmusikk og -dans

Ni søkjarar fekk tilskot frå fondet.

- *Sjå liste over tildelingar i vedlegget til årsmeldinga.*

Ny stønadsordning i FolkOrg – rekrutteringsstønad

FolkOrg lanserte i 2013 ei ny stønadsordning som støttar særskilde rekrutteringstiltak. Ein stønadssum på kr 25 000 skal delast ut ein gong kvart halvår. Ordninga vart lyst ut fyrste gong hausten 2013, då kr 25 000 vart fordelte på fem av 18 innkomne søknader. Lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga, kan søkje på denne ordninga.

- *Sjå liste over tildelingar i vedlegget til årsmeldinga.*

Rammeplan for grunnskulen i folke- musikk og folkedans

FolkOrg har vore og er i dialog med Rådet for folke- musikk og folkedans om korleis ein på best mogleg måte kan arbeide opp mot grunnskulen.

ARRANGØRUTVIKLING

FolkOrg skal stimulere til arrangering av konsertar og dans med folkemusikk og arbeide for at arrangørane har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (fire år)

- Arrangørar er kjende med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Talet på folkemusikkonsertar og dansearrangement er auka landet rundt.
- Talet på søkarar frå folkemusikkfeltet på arrangør-støtteordninga har auka, og løyvingane til folkemusikkarrangørar er auka med 100 %.
- Folkemusikk og -dans blir presentert på fleire, nye og eksisterande arenaer.

Tiltak (årleg revidering)

- Oppdatere lister med kontaktinformasjon over arrangørar innanfor folkemusikk og -dans
- Sende ut nyhendebrev med aktuell og relevant informasjon
- Gje råd til arrangørane
- Dele ut prisen «Årets folkemusikkarrangør»
- Bidra til at aktuelle aktørar kan organisere turné- og samarbeidsnettverk for lokale scener
- Arrangere kurs og møteplassar for arrangørar
- Møte arrangørar og ha kontakt med dei for oppdatering på deira situasjon
- Utarbeide og gjere tilgjengeleg relevante malar og kompetansemateriell

Kontaktlister

I 2013 har ein kontinuerleg oppdatert kontaktlister, og knytt nye arrangørar til lista, spesielt gjennom tett samarbeid med arrangørar i Telemark- og Agder-regionen, og påmelding på Facebook-gruppa.

Informasjon og rådgjeving

Gjennom nettstaden folkemusikk.no, nyhendebrev til arrangørane og Facebook-side har FolkOrg i meldingsåret kommunisert aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane. FolkOrg har gått ut med tilbod om rådgjeving for arrangørar på fleire måtar (gjennom kurs og møte, og nyhendebrev), men har berre fått nokre få førespurnader.

Turné- og samarbeidsnettverk

Turné- og samarbeidsnettverk har vorte diskutert på fleire møte for folkemusikkarrangørar i løpet av året. FolkOrg har hausten 2013 lagt fram forslag til eit faglag under FolkOrg for folkemusikkarrangørar, og ein har etablert ei faggruppe på tre personar. I 2013 har FolkOrg jobba saman med kompetansesentera for å få til ei grunnfinansiering av dei. I den samanhengen har FolkOrg gjennom mange kanalar fremma turnélegging som ei oppgåve som bør leggjast til kompetansesentera. Folkemusikk Nord og Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans får driftstilskot i 2014. Førdefestivalen har og fått auka driftstilskot, noko som kjem heilårsdrifta til festivalen til gode.

Årets folkemusikkarrangør

FolkOrg vidareførte retningslinene frå året før då styret kåra årets folkemusikkarrangør. I 2013 var dei

nominerte arrangørane Riksscenen, Trad Session og Vågå spel- og dansarlag. Riksscenen gjekk av med sigeren og fekk utdelt ein pris på kr 10 000 under årsmøtet i FolkOrg på Hamar 26. og 28. april.

Kurs og møteplassar

FolkOrg arrangerte eit møte for folkemusikkarrangørar under årsmøte i FolkOrg på Hamar 26. april. Ein arrangerte også kurs, seminar og møte for folkemusikkarrangørar under Folkelarm 25.–28. september (sjå liste bak). FolkOrg og fleire folkemusikkarrangørar frå Telemark- og Agder-området deltok på det regionale bransjetreffet Sørveiv 1. og 2. november. Målet var mellom anna å sjå korleis regionale bransjetreff kan vere ein regional møteplass for folkemusikkarrangørar.

Kartlegging av situasjonen for folkemusikkarrangørane

FolkOrg har reist på ulike arrangement og årsmøte i områdelag i løpet av året, og ein har då nytta høvet til å prate med representantar for folkemusikkarrangørar i dei ulike distrikta. Gjennom førebuing til seminar og høyringsinnspillet Norsk musikkråd sende til Norsk kulturforum, har ein også fått inn mykje materiale om arrangørane sin situasjon. Denne informasjonen har gjeve god innsikt og kunnskap som gjev grunnlag for arbeidet med neste års arbeidsplan. FolkOrg deltek også i ei arbeidsgruppe saman med andre musikkorganisasjonar, som arbeider med ein kartleggingsprosess.

Malar og kompetansemateriale

Administrasjonen i FolkOrg har halde fram arbeidet med å gjere tilgjengeleg relevant informasjon og malar på arrangørane si nettside på folkemusikk.no.



UTØVARUTVIKLING

FolkOrg skal stimulere til aktivitet og arbeide for at utøvarane har gode rammevilkår.

Langsiktige mål (fire år)

- Utøvarar innanfor folkemusikk og -dans er kjend med og oppdaterte på aktuelle tilskotsordningar og faglege saker.
- Utøvarar innanfor folkemusikk og -dans er kjende med relevante aktørar og samarbeidspartnarar både nasjonalt og internasjonalt.
- Organisasjonen har eit breitt kontaktnettverk av relevante bransjeaktørar nasjonalt og internasjonalt, som kjem utøvarane til gode.
- Lanseringsprogrammet Intro-folk er attraktivt for unge utøvarar, og talet på påmelde artistar er auka med 100 %.

Tiltak (årleg revidering)

- Gje råd til og kurse yrkesutøvarar
- Delta på internasjonale bransjetreff og vere til stades på relevante nasjonale arrangement
- Arbeide saman med MFO og NODA for å få gode levevilkår for musikarar og dansarar
- Utarbeide gode verktøy for yrkesutøvarar, i form av tilgjengeleggjort informasjon om kontaktnettverk, faglege saker, tilskotsordningar og liknande
- Følgje opp innspel frå utøvarforum og utøvarar generelt
- Arrangere ei fagsamling for folkemusikk- og folkedanspedagogar i kulturskulen

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 120 personar pr. 31.12.2013. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

Musikarmøtet 2013

FolkOrg har saman med Norsk Jazzforum, MFO og Gramart arrangert Musikarmøtet 2013 med relevante seminar for utøvarane på tvers av sjangrar.

Seminar Folkelarm 2013

Folkelarm 2013 inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Medlemmer av gruppe Yrkesutøvarar i FolkOrg fekk tilbod om rabatterte delegatpass.

Seminartitlar:

- Seminar med Clive Davis Institute of Recorded Music, New York University
- Hvordan lykkes med markedsføring i et streaming marked? v/Phonofile
- Gi ut plata på eget selskap eller et av de etablerte? v/Unni Bokstasp og Ta:lik
- Presentasjon av støtte- og verkemiddelapparatet
- Hvor går veien videre med Streaming? v/Wimp
- Der ingen sku tru at musikken kunne være et etterspurt produkt, v/Carl Størmer
- Paneldebatt: Hvor mye koster en folkemusiker?
- Om Crowdfunding. v/ FundedByMe

Kontakt via sosiale medium og nyhendebrev

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvarar i FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook, og sender ut nyhendebrev til medlemmer i gruppa.

ORGANISASJONSUTVIKLING

FolkOrg skal ha attraktive medlemstilbod og vere ein fagleg sterk og kunnskapsrik organisasjonen.

Langsiktige mål (fire år)

- Talet på medlemmer er auka med 25 %
- Medlemssystemet (StyreWeb) er teke i bruk av alle lokallag, og er ein naturleg arbeidsreiskap i kommunikasjonen med laga sine medlemmer
- Styra sentralt, regionalt og lokalt er kompetente på styre- og organisasjonsarbeid
- Kunnskapen og rutinane som ligg i administrasjonen er dokumenterte, slik at nye medarbeidarar enkelt kan ta over ansvaret.
- Organisasjonen har ein hovudsponsor .

Tiltak (årleg revidering)

- Opne for at lokallaga kan ta i bruk StyreWeb.
- Vidareføre arbeidet med rutinehandbok og årshjul for administrasjonen
- Informere om relevante kurs for tillitsvalde sentralt og lokalt
- Formidle og vidareutvikle medlemstilboda
- Arbeide med rekruttering av nye lag og medlemmer

Medlemssystemet StyreWeb

Grunna nokre feil i StyreWeb og redusert bemanning i administrasjonen laut arbeidet med å ta systemet i bruk for lokallaga vente på seg i fyrste halvdel av året. Administrasjonen har no teke opp att arbeidet, og på slutten av året i 2013 fekk eitt lag tilgang. Arbeidet med å opprette lokale portalar held fram i 2014.

Ivaretaking av rutinar og kunnskap i administrasjonen

Det har i perioden vorte utarbeidd ei prosjekthandbok for konkrete prosjekt i organisasjonen, for å ivareta rutinar og kunnskap. Det har også vorte arbeidd med konkrete framdriftsplanar for arrangementa våre, slik at ein kan tydeleggjere overfor alle involverte korleis prosessen i arbeidet er. Dette gjeld til dømes informasjonsarbeidet knytt til dei tre store arrangementa.

Kompetanse på styre- og organisasjonsarbeid

Gjennom lagsnytt og folkemusikk.no har ein informert tillitsvalde lokalt om nyttige kurs som kan heve deira kompetanse innanfor organisasjonsarbeid. I tillegg har styret og administrasjonen delteke på ei rekkje fylkeslagsårsmøte for å kunne utveksle kunnskap og erfaring.

Dei laga som har fått tilgang til StyreWeb, kan der få tilgang til ei rekke nyttige verktøy som er med på å styrke flyten i arbeidet i dei lokale laga.

Styret og administrasjonen har i året hatt eit tettare samarbeid og utveksling av kompetanse, spesielt i samband med utarbeidinga av det nye handlingsprogrammet for 2014.

INFORMASJON

FolkOrg skal spreie kunnskap om og forståing for folkemusikken og folkedansen i Noreg, og arbeide for å auke omtale og bruk av folkemusikk og folkedans nasjonalt og internasjonalt.

Langsiktige mål (fire år)

- Organisasjonen sine informasjonskanalar og prosjekt er evaluerte og tilpassa utviklinga innanfor informasjonsteknologi og tendensar og behov hjå brukarane.
- Nettportalen folkemusikk.no sin posisjon som den viktigaste staden for informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg er styrkt, og talet på lesarar er auka til 5000 daglege brukarar.
- Nettportalen folkmusic.no er den viktigaste engelskspråklege kjelda til informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg, og talet på lesarar er auka med 60 % .
- Organisasjonen har eit heilskapleg og historisk oversyn over aktivitet, aktørar, utøvarar og utgjevingar på feltet.
- Bladet Folkemusikk er det leiande tidsskriftet innanfor folkemusikk og -dans i Noreg, og talet på abonnentar er auka til 2500.
- Talet på abonnentar av bladet Folkemusikk frå nordiske land er auka med 50 %.
- Talet på abonnentar av Årbok for norsk folkemusikk er 500, og boka vert kjøpt inn på innkjøpsordninga.
- Bladet Folkemusikk er evaluert.

Tiltak (årleg revidering)

- Gje ut bladet Folkemusikk
- Oppdatere av folkemusikk.no
- Profilere av bladet Folkemusikk, folkemusikk.no og folkmusic.no nasjonalt og internasjonalt
- Drive informasjonsarbeid retta mot avis-, nett- og radioredaksjonar
- Lage kappleiksinnstikk til bladet Folkemusikk etter Landskappleiken og Landsfestivalen
- Forenkle og fornye utøvarkatalogen
- Byrje evaluering av informasjonsfeltet
- Rydde opp på folkemusikk.no og folkmusic.no
- Skrive søknad om stønad til fotoarkiv for FolkOrg
- Analysere brukarundersøking for bladet
- Lage ein medieplan
- Arrangere presseseminar på Landskappleik og Landsfestival

Generelt om informasjonsarbeidet

Dei tilsette som arbeider med informasjon, har egne prosjekt, og er samstundes sentrale i informasjonsarbeidet i organisasjonens egne arrangement, prosjekt og saker.

Sentralt i meldingsåret har vore informasjons- og pressearbeid knytt til Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm, og dessutan prosjekta bladet Folkemusikk og Årbok for norsk folkemusikk. På arrangementa vart det utvikla ein eigen app for smarttelefonar, som vart godt motteken av brukarane. I alle prosjekta har dei tilsette som arbeider med informasjon, stått for oppdatering og utvikling av heimesider, fotografering, videoproduksjon, grafisk formgjeving, utvikling og utsending av nyhende-brev, og anna presse- og informasjonsarbeid. Dei tilsette som jobbar med informasjon har også vore delaktig i utforming av høyringar og innspel i interessepolitiske saker.

Utvikling

Evaluering av informasjonsfeltet

Det har vorte gjennomført ei evaluering av informasjonsfeltet i FolkOrg, og resultatet av denne evalueringa vart lagt fram for styret i FolkOrg i desember. Evalueringa gjekk igjennom prosjekta organisasjonen har i dag, og kom med framlegg om ei ny organisering på informasjonsfeltet. Den nye organiseringa vart samrøystes vedteken. Den nye organiseringa inneber at bladet Folkemusikk og folkemusikk.no vert ein felles redaksjon, og at folkemusikk.no deler bladet Folkemusikk sine føresegner, og vert ei uavhengig nettavis. Med dette får FolkOrg sine egne nettsider – www.folkorg.no, som skal innehalde informasjon frå organisasjonen.

Samstundes vil administrasjonen i FolkOrg arbeide for å etablere ei opplysningsside med grunninformasjon om sjangeren, utøvarane o.l. (sjå punkt om opplysningskontor). Arbeidet med etableringa er i gang, og den nye organiseringa tek til sumaren 2014.

Opplysningskontoret for folkemusikk og -dans

Det har vore utarbeidd ei idéskisse om å etablere ein opplysningsnettstad som eit opplysningskontor for folkemusikk og -dans. Dette vert ei form for leksikonside

med grunninformasjon om folkemusikk og -dans, med oppslag om uttrykk, tradisjonar, utøvarar, lag, instrument osv. Framlegget vart spelt inn til statsbudsjettet 2014 og vart lufta for ulike samarbeidspartnarar. Prosjektet vil bli vidareutvikla i 2014.

Søknad om digitalisering av fotoarkivet til Spelemannsbladet

Det vart sendt søknad om tilskot til digitalisering av fotoarkivet til Spelemannsbladet. Ein fekk støtte frå Rådet for folkemusikk og folkedans, men ikkje frå Sparebankstiftelsen. Administrasjonen vil arbeide vidare med å få tilskot til digitaliseringa i 2014.

Folkemusikk.no

Folkemusikk.no er ein felles nettportal for folkemusikkfeltet i Noreg, og er heimesidene til FolkOrg. Portalen fungerer som ein digital samlingsstad for informasjon om folkemusikk og -dans i Noreg.

Portalen omtalar nytt på folkemusikkfeltet, aktuelle hendingar og utgjevingar o.l. I tillegg vert det publisert praktisk informasjon generelt og frå FolkOrg spesielt. I tillegg til egne saker har folkemusikk.no peika til eit utval folkemusikk- og folkedansoppslag andre stader.

Frekvens og lesartal

Tal på besøkande i 2012: 175 977

Tal på besøkande i 2013: 164 846

Tal på unike besøkande i 2012: 54 553

Tal på unike besøkande i 2013: 58 426

Folkemusikk.no har i løpet av meldingsåret vore aktiv på sosiale medium. I desember 2013 var nærare 3400 medlemmer på folkemusikk.no si side på nettsamfunnet Facebook. Det er ein auke på om lag 1300 frå i fjor. Vi har også vore aktive på Twitter.

Folkmusic.no

Denne portalen er ei side som i hovudsak rettar seg mot eit internasjonalt publikum. Portalen er tenkt som ein paraply for aktivitet knytt til norsk folkemusikk- og dans internasjonalt, og nasjonalt.

Arbeidet med Folkmusic.no har ikkje vorte prioritert i meldingsåret.



Bladet Folkemusikk

Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans – som eig og gjev ut bladet. Bladet er frittstående og arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktør-plakaten.

Redaksjonell profil

Bladet Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans og er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Bladet er nytt frå 2010, men bygger vidare på tuftene av det gamle Spelemannsbladet (etablert i 1941) og medlemsbladet Kvinten.

Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet, og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

Det blir lagt vekt på gode litterære tekstar, særleg i portretta, reportasjane og kronikkane. Redaktøren legg også vekt på å utforme tekstar som vender seg til eit større publikum enn dei faste kjernelesarane. Det redaksjonelle språket er nynorsk. Tekstane blir kvalitets-sikra av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

Folkemusikk er i liten grad omtalt eller presentert i norske aviser, verken nasjonalt eller lokalt. Det du finn i bladet Folkemusikk, finn du sjeldan i andre allmennkulturelle tidskrift, vekeblad eller dei meningsberande avisene. Nettopp difor er det avgjerande at det finst eit eige blad som tek for seg feltet på ein seriøs måte.

Ettersom det blir skriva lite om folkemusikk i norske aviser, er bladet Folkemusikk også eitt av svært få organ der norsk folkemusikk og folkedans i det heile blir debattert. Slik har bladet Folkemusikk eit særleg ansvar. Bladet har ein eigen seksjon for meiningar med kronikkar, debattsider og kommentarspalte – i tillegg til faste leiarar.

Bladet presenterer folkemusikk og folkedans i vid forstand: den mangfaldige folkemusikken, den tradisjonelle og nyskapande folkemusikken, folkemusikken til urfolk og minoritetar i Noreg, forskning og anna vitenskapleg arbeid, gjennom reportasjar frå kappleikar, intervju med kjende og ukjende folkemusikarar, folkemusikkpolitikk, platemeldingar, kommentarar og anna meningsstoff.

Det blir brukt store ressursar på profesjonelle fotografar og erfarne journalistar, noko som er med på å heve kvaliteten på og interessa for bladet. Layouten er signert Lise Myhre i Millimeterpress, eit firma som har hausta fleire prisar for arbeidet sitt. Bladet brukar også ressursar på gode bilete.

Bladet har fem utgjevingar i året, og eit gjennomsnittleg sidetal på 52.

Bladet Folkemusikk presenterer mangfaldet i folkemusikken og folkedansen i landet: den tradisjonelle og den nyskapande folkemusikken, men også musikk og dans med rot i andre kulturar enn den norske. Bladet presenterer òg folkemusikk og folkedans frå eit vidt perspektiv, gjennom vitenskaplege artiklar, teikneseriar, kommentarstoff, reportasjar, aktualitetar, illustrasjonar av instrument med meir.

Bladet Folkemusikk har bygd opp faste spalter, seriar, fag- og temaseksjonar. Faste seksjonar er med på å gjere arbeidet effektivt for redaksjonen og gjev rom for betre heilskap og innsikt om aktuelle tema. Dette gjer også bladet meir attkjennande og føreseieleg for lesarane. Innanfor kvar seksjon er det rom for store variasjonar i kvart nummer.

Temanummer om instrumentmaking

Det siste nummeret i meldingsåret var eit eige temanummer med særskilt søkelys på instrumentmaking. Temanummeret var på 64 sider. Dette nummeret vart støtta økonomisk av både Fritt Ord og Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff).

Kapleiksmagasin

I samband med utgjeving av Folkemusikk 4-2013 vart det produsert eit eige kapleiksmagasin på 32 sider, som innstikk i bladet. Magasinet var fylt med resultat, bilete, intervju og anna frå både Landsfestivalen og Landskappleiken. Innstikket vart produsert i samarbeid mellom bladet Folkemusikk og FolkOrg.

Redaktør

Knut Aastad Bråten er tilsett som ansvarleg redaktør. Det har han vore sidan 1. mars 2007. Han leiger kontor-plass på Valdres Folkemuseum på Fagernes. Stillinga har sidan 1. januar 2010 vore ei 100 % stilling. Knut Aastad Bråten gjekk ut i eitt års permisjon 1. desember i meldingsåret. Ny vikarierende redaktør er Bjørn Sletten frå Vinstra. Han tok til i arbeidet 1. november.

Redaksjonsråd

Redaksjonsrådet sit i eitt år, frå 1. januar til 31. desember. Redaksjonsrådet er ikkje eit skrivande råd. Primæroppgåva til rådet er å vere eit rådgjevande organ for redaktøren. Det har ikkje vore oppnemnt redaksjonsråd sidan 2011.

Sal

Frå og med 2010 er bladet også tilgjengeleg gjennom Narvesen og andre storkioskar. Det er fyrste gong i historia at eit norsk folkemusikkblad er i laussal.

Abonnentar

Bladet Folkemusikk er eit abonnementsblad. Per 31. desember 2013 hadde bladet Folkemusikk 1654 abonnentar. Dette er ein nedgang på 95. Av abonnentane var 301 gratisabonnentar, og 966 medlemmer av FolkOrg.

Økonomi

Folkemusikk blir gjeve ut med økonomisk stønad frå eigaren, og andre offentlege stønadsordningar. I tillegg kjem det inntekter av sal av abonnement og annonsar. Ikring 70 % av utgiftene blir dekte inn av eigeninntekter. Resten, ikring 30 %, er tilskot frå eigaren.

Annonsar

Frå og med 2010 er det redaktøren sjølv som sel annonsar. Bladet Folkemusikk har sidan 2009 hatt denne økonomiske utviklinga når det gjeld sal av annonsar:

2009: 133 000 kr	2012: 253 000 kr
2010: 220 000 kr	2013: 256 000 kr
2011: 238 000 kr	

Blest

Redaktøren har arbeidd for å auke interessa og kunnskapen om både bladet og folkemusikk og folkedans generelt i andre medium, og har no og då oppslag både i riksdekkande aviser og lokale medium, til dømes i VG, Dagbladet, NRK, Klassekampen, Dag og Tid og Vårt Land. Bladet Folkemusikk har god kontakt med andre medium, og er ein viktig leverandør av idear og saker til desse.

Bladslepp

Bladet har hatt eitt bladslepp i 2013. Dette blei arrangert på Fagernes i Valdres

Årbok for norsk folkemusikk

Årbok for norsk folkemusikk 2012 kom ut i meldingsåret, og hadde arkiv og innsamling som tema. Utgåva inneheldt ti artiklar som kvar for seg sette ljøs på årets tema. Redaktør for utgåva var John Ole Morken. Redaksjonsrådet var Harald Knutsen og Eli Storbekken. Boka vart lansert under Landskappleiken på Røros i slutten av juni.



Landskappleiken 2013

Vinnarar

Spel hardingfele

- A: Per Anders Buen Garnås / Spelemannslag Bøheringen
- B: Tor G. Hoslemo / Setesdal Spelemannslag
- C: Helga Myhr / Ål spel- og dansarlag
- D: Gunnar Stubseid / Setesdal Spelemannslag

Spel fele:

- A: Andreas Bjørkås / Oppdal spell- og dansarlag
- B: Hans P. Kjørstad / Harpefoss spel- og dansarlag
- C: Rasmus Kjørstad / Harpefoss spel- og dansarlag
- D: Anders J. Reitan / Ålen spell- og danselag

Dans hardingfele:

- A: Håkon Dregelid, Ami Dregelid / Voss Spelemannslag
- B: Bibbi Blomlie, Ådne R. Geicke Kolbjørnshus / Øystre Slidre Spel- og dansarlag, Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag
- C: Ragnhild Fuglesteg Luksengard, Eivind Vestenfor / Ål spel- og dansarlag, Gol spel- og dansarlag
- D: Eva Lundberg, Arvid Sperrud / Kongsberg Spel- og dansarlag

Dans fele:

- A: Bjørn Sverre Hol Haugen, Veslemøy Nordset / Grenselaust
- B: Anna Liv Skjelten Gjendem, Mathilde Øverland / Spelemannslaget Dâm og Drag
- C: Iver Kolstad, Marie Skogås / Røros Folkedanslag
- D: Sissel Hatten, John Peder Hatten / Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag

Vokal:

- A: Ingvill Marit Buen Garnås / Fjellrosa spel- og dansarlag
- B: Inger Lien / Falkeriset Folkemusikklag
- C: Mari Midtli / Sel og Otta Spel- og dansarlag
- D: Ole Fjeldet / Gausdal Spelmannslag

Open klasse: Stein Urheim og Benedicte Maurseth

Laus:

- A: Hallgrim Hansegård / Øyre Slidre Spel- og dansarlag
- B: Simon Hesselberg Løvald / Norsk Folkemuseums Dansegruppe, FolkOrg
- C: Even Ellegaard Westeng / Gransherad Spel og dansarlag
- D: Thor Herman Bøhle / Bygdedanslaget i Hamar

Fløyte:

- Senior: Tom Willy Rustad / Spira Studentspelemannslag, Harpefoss spel- og dansarlag

Munnharpe:

- Senior: Thov G. Wetterhus / Numedal Spel- og dansarlag

Langeleik:

- Junior: Ingebjørg Hegge Bratrud / Vårflaumen Spel- og dansarlag
- Senior: Ingvild Lie / Øystre Slidre Spel- og dansarlag

Durspel:

- Junior: Amund Grytting / Harpefoss spel- og dansarlag
- Senior: Inge Gjevre / Vågå Spel- og Dansarlag

Andre eldre folkemusikkinstrument:

- Junior: Anne Nilssen / Hedmark Folkemusikklag
- Senior: Sissel Morken Gullord (Lur) / Gjøvik Spelmannslag

Gruppettel:

- Junior: Dølasneillun
- Senior: Odde og Holmen

Lagspel:

- Junior: Hedmark Juniorspellmannslag
- Senior: Gudbrandsdølenes Spelmannslag

Lagdans:

- Junior: Småjondølenes dansarlag
- Senior: Småjondølenes dansarlag

Furestiftelsen

Fureprisen: Erlend Apneseth

Furestipend:

Durspel junior: Amund Grytting, Harpefoss spel – og dansarlag

Spel hardingfele C: Helga Myhr, Ål spel – og dansarlag

Vokal C: Mari Midtli, Sel og Otta spel – og dansarlag

Spel fele C: Rasmus Kjørstad, Harpefoss spel – og dansarlag

Dommarar på Landskappleiken

Spel hardingfele: Sigmund Eikås, Torunn Raftevold Rue og Herbjørn Liahagen

Spel fele: Sjur Viken, Olav Sæta og Trond-Ole Haug

Vokal: Elin Grytting, Halvor Håkanes og Eli Storbekken

Eldre folkemusikkinstrument: Arnt Magne Haugen, Elisabeth Kværne og Silje Hegg

Durspel: Even Røhjell, Ailin Mørkve og Per Midtstigen

Dans fele: Dagfinn Krogsrud, Kari Margrethe Okstad og Live Karin Liaskar

Dans hardingfele: Bjørn Lien, Aud Manheim og Knut Blikberg

Lagdans: Live Karin Liaskar, Bjørn Lien og Aud Manheim

Laus: Kari Margrethe Okstad, Knut Blikberg og Dagfinn Krogsrud

Gruppespel: Sigmund Eikås, Sjur Viken og Herbjørn Liahagen

Lagspel: Torunn Raftevold Rue, Trond- Ole Haug og Elisabeth Kværne

Open klasse: Elin Grytting, Per Midtstigen og Silje Hegg

Hovuddommar for Fureprisen: Berit Opheim

Landsfestivalen

Vinnarar

Solo andre instrument:

Junior: Jørn Kjetil Solbakken / Vågå Spel- og
Dansarlag

Senior: Mads Erik Odde / Lom Spelmannslag

Solo durspel

Junior: Emil Bakke Thon / Vårflaumen Spel- og
dansarlag

Senior: Kristoffer Kleiveland / Osterøy Spel og
dansarlag

Samspel junior:

Hedmark
Juniorspellemannslag

Gruppespel: Veroms-laget

Lagspel senior: Lom Spelmannslag

Solo fele/hardingfele:

Junior: Rasmus Kjørstad / Harpefoss spel- og
dansarlag

Senior: Aleksander Aga Røynstrand / Hardanger
Spelemannslag

Pardans:

Senior: Solveig Brekke Hauknes, Ole Nilssen /
Hedmark Folkemusikklag

Dommarar på Landsfestivalen

Solo durspel: Inge Gjevre, Tine E.S. Kristiansen og Willy Rustad

Solo andre instrument: Ingunn Bjørgo, Ole Foss og Linda Gytri

Solo fele/hardingfele: Leif Inge Schjølberg, Knut Hamre og Ann Helen Brøndbo Foosnæs

Grupperespel: Willy Rustad, Leif Inge Schjølberg og Tine E.S. Kristiansen

Lagspel: Inge Gjevre, Knut Hamre og Ann Helen Brøndbo Foosnæs

Junior Samspel: Ingunn Bjørgo, Vegar Vårdal og Linda Gytri

Pardans: Kirsten Johanne Friis, Vegar Vårdal og Torill Jørgensen

Folkelarmprisen 2013

Årets folkemusikar: Olav Luksengard Mjelva

Dokumentasjon: Div art / Brimi, Hans W. - W - musikk av Hans W Brimi (Grappa / Heilo)

Solo: Hauk Buen - Tjugedalaren, Originale slåttar etter Myllarguten, HAUK BUEN 80 ÅR (Sylvartun Folkemusikk)

Tradisjonelt samspel: Rydvall/Mjelva - Isbrytaren (Grappa)

Open klasse: Unni Boksasp Ensemble - Kvite fuglar (UBE)

Årets folkemusiker vert kåra på fritt grunnlag – uavhengig av utgjevingar

Juryen 2013:

Tellef Kvitte, Asgaut Bakken, Sinikka Langeland og Frank Henrik Rolland.

Folkelarmartistar

Mala Fama, Erlend Apneseth, Firil, Vilniss, Fat Dog, P. A. Røstad, Elin Kåven, Tranotra, Tiar, Emilia Amper (SE), Kolonien (SE), Polka Chicks (FIN) og Stockholm Lisboa Project (SE).

Frifond

Fordelinga i 2013 vart slik:

Folkemusikklaget Havbrusen - 5 000
Kongsberg Spel og Dansarlag - 29 000
Spelmannslaget i Bergen ul Ervingen - 32 000
Haugesund Spelemannslag - 12 000
Folkemusikklaget Havbrusen - 8 000
Spelemannslaget Dâm og Drag - 15 000
Ålen spell og danselag - 10 000
Småjondølenes dansarlag - 25 000
Austrheim musikklag - 9 000
Ål spel- og dansarlag - 26 000
Gransherad Spel- og dansarlag - 18 000
Glåmos Spellmannslag - 15 000
Folkemusikklaget Bordun - 8 000
Nes Nasjonale Dansarring - 8 000
Spelmannslaget BUL i Nidaros - 0
Fjellrosa spel og dansarlag - 10 000
Gaular Spelemannslag - 10 000

Verdal juniorspellmannslag - 24 000
Jostdal spel- og dansarlag - 24 000
Laget for folkemusikk - 16 000
Spelemannslaget Fjelljom - 28 000
Hardanger Spelemannslag - 23 000
Nordhordland spel- og dansarlag - 16 000
Tinn Spelemannslag - 15 000
Osterøy Spel- og Dansarlag - 18 000
Tingelstadringsen - 13 000
Os spelemannslag - 4 000
Voss Spelemannslag - 15 000
Vågå spel og dansarlag - 23 000
Lillehammer Spel og Dansarlag - 15 000

Totalt: 474 000 kr.

FolkOrg-prisar

Årets lokallag: Eiker Spelemannslag

Årets arrangør: Riksscenen

Norsk Folkemusikkfond

Styret i Norsk Folkemusikkfond er: Nils-Øyvind Bergset (leiar), Ellen Persvold, Leiv Solberg, Nina Rudi og Solbjørg Tveiten.

Tildelingar 2013:

Nr	Søkjar	Prosjekt	Tildelt
18	BRÅTT v/ Unni Løvli	"Heime hos" konsertar for eldre, og to folkemusikkstipend for ungdom.	Kr 8.000
7	Sigrid B. Berg	Innsamling og dokumentasjon av kveding i Setesdal.	Kr. 6.000
3	Laura Ellestad	Feltarbeid i Amerika, utvandra spelemenn frå Valdres.	Kr. 9.000
17	Camilla Granlien	Barnehageprosjekt i Fåvang og Ringebu: folkesangeren Kristian Åsmundstad	Kr. 8.000
16	Eidsiva Fylkeslag i NU	Fagkonferanse - bygdedansformene i Østfold og Nordre Bohuslän	Kr. 5.000
10	Kalottspel	Sommarkurs for born og unge	Kr 8.000
13	Strunkeveko	Sommarkurs for born og unge	Kr 8.000
4	Ungfolk	Sommarkurs for born og unge	Kr 8.000
2	Mokurset (Sogn- og Fjordane folkemusikklag)	Sommarkurs for born og unge	Kr 8.000

Bladet Folkemusikk

Faste skribentar i 2013 har mellom andre vore Bergljot K. Nordal, Ida Habbestad, Alice Gudheim, Sindre Bremnes, Kjersti Elverum Kvile, Gudrun Folkedal, Halldis Folkedal og Johanne Landsverk. Faste fotografar har vore Axel Sandberg, Laila Meyrick, Marthe Amanda Vannebo, Cathrine Dokken, Ingvil Skeie Ljones, Helge Skodvin, Knut Utler og Stian Andersen.

Faste illustratørar i 2013 har vore Øystein Runde og Gunnlaug Moen.

Kronikørar og spaltistar i 2013 har vore:

1/13: Anne Brügge og Anne Viken

2/13: Lars Petter Hagen, Carl Kristian Johansen og Odd Nordstoga

3/13: Gro Marie Svidal, Jo Asgeir Lie og Inge Andreas Jacobsen

4/13: Johan Westman, Anne Brügge og Elisabeth Vatn

5/13: Spesialnummer

Fagkronikkane er skrivne av:

1/13: -

2/13: Heidi Stavrum

3/13: Anne Murstad

4/13: Elin Moberg

5/13: Spesialnummer

Portrett:

1/13: Finn Vabø

2/13: Anne Nymo Trulsen

3/13: Hauk Buen

Vedlegg – Liste over diverse
tildelingar, vinnarar o.a.

4/13: Marit Karlberg
5/13: Spesialnummer

Reportasjar om:

1/13: Folkemusikkscenene, Havresekken
2/13: Folkemusikk og makt, folkemusikk og nasjonalisme
3/13: Livet etter folkemusikkstudiane, Folkemusikkveka
4/13: Telemarkfestivalen, Førdefestivalen
5/13: Spesialnummer

I tillegg har vi hatt faste spalter som Fagordet (om ord og uttrykk i folkemusikken), historiske artiklar og bilete, aktuelle nyheiter, spalta Debuten min – der musikarar skriv om sin platedebut, plateintervju med aktuelle artistar, bok- og platemeldingar (til saman 51).

Sigrid Moldestad har hatt fast signert spalte under vignetten Surkjerring.



“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfold, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”

FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans